

688/1953.

11. august 1953. 257

Priisering
av vebbaale 19/5 1953

021 Skattefogden
i Ålesund

Det kgl. Finans- og Tolldepartement,
Aktivkontoret.

Arkivavlevering fra skattefuten i Ålesund.

Med utgangspunkt i ei fråsegn herifrå 19. mai 1953 om at skattefuten i Ålesund ikkje bør få kassera auksjonssaker eldre enn 20 år, har Aktivkontoret i brev 22. s.m. spurt om kva prinsipp Riksarkivet meiner bør leggjast til grunn når det gjeld kassering av gamle arkivsaker hjå skattefutane. Med brev 2. juni 1953 har ein dernæst fått oversendt saka om arkivavleveringa fra skattefuten i Ålesund.

Når det vert gjevi samtykke til innsending til statsarkiva av sorenskrivararkiv, er det heile arkivet fram til ei fastsett tidgrense, såleis og dei arkivseriar (protokollar og lause dokument) som skriv seg fra auksjonsverksemd, som skal sendast inn. Etter det ein veit vert det ikkje gjevi samtykke til at sorenskrivarar på eiga hand kasserar slike (eller andre) arkivrekker etter kvart som sakene når ein viss alder. Statsarkivet tek i tilfelle opp spørsmålet om kassering. I heile landet er det, etter statskalenderen, no berre 4 skattefutar som er auksjonsstyrarar. For auksjonssaker frå desse bør det gjelda same regel som for auksjonssaker frå sorenskrivarane. At det må takast vare på auksjonsprotokollane synest elles heller ikkje skattefuten i Ålesund å ha vori i tvil om. I samsvar med praksis når det gjeld sorenskrivararkiv meiner ein såleis at den parten av skattefutarika som skriv seg frå at skattefuten gjer forretningar som ligg til skifteretten eller namsretten, ikkje bør kasserast.

ved skattefutkontora.

Etter brevet frå Aktivkontoret lyt det i den nærmeste framtid gjerast ei opprydding i alle skattefutarkiv. Så framt det er meinings å freista å få avlevert den eldste luten av skattefutarkiva i dei distrikt der statsarkiva enno har ledig magasinpllass, vil ein rå til at det førebels ikkje vert kassert noko i dei arkiv som det skal avleverast frå. Skattefuten bør i avleveringslista setja ein merknad ved dei arkivseriar som han meiner ikkje treng gjøymast. Men grunnlag i slik rettleiing til statsarkivaren og etter den kunnskap han etter kvart får om innhaldet i og bruken av skattefutarkivet i statsarkivet, vil statsarkivaren best kunna gjera seg opp ei meinings om kva arkivverde dei ymse protokoll- og pakkerakkjene i eit skattefutarkiv kan ha. Kasseringsframleggget kan då koma frå han og verta gjort etterat det er konstatert kor mykje det er teki vare på i andre arkiv av det originalmateriale skattefuten har sendt frå seg.

I dei tilfelle då det ikkje kan verta avlevert noko frå eit skattefutarkiv og plassomsyn krev at arkivet vert redusert, får skattefuten setja opp ei summarisk arkivliste og kasseringsframlegg. Før det er gjort kan ein frå arkivsynsstad ikkje gjera seg opp noko meinings om kva som kan kasserast eller ta stode til slike ålmenne kasseringsreglar som departementet har gjevi i brev 10. desember 1952 til skattefuten i Ålesund.

Vedlegga til brevet 2. juni 1952 fylgjer hermed attende.

Etter fullmakt

M.R.